



INNTAKSPROSEDYRAR ORSTAD LÆRINGSSENTER

Orstad læringsssenter er eit kompetansesenter på Orstad skule i Klepp kommune. Senteret er ei avdeling for elevar som har ulike grader av psykisk utviklingshemming og elevar innanfor autismespekteret. Vi har 12 elevplassar på avdelinga.

Søknad om plass:

Søknad om:	Tidsfrist	Ansvarleg
Elevplass på avdelinga.	31.12 Svar om plass innan mars mnd for komande år.	Avdelingsleiar Orstad læringsssenter. Rektor Orstad skule.

Kriterium for søknad:

Elevplass:

- Eleven har diagnosen psykisk utviklingshemma eller autisme.
- Det må liggja føre ei sakkunnig vurdering frå PPT, med tilråding om alternativ opplæringsarena ved OLS..
- Foreldre/føresette må søka til Orstad skule.
- Vedtak om elevplass blir gjort av rektor ved Orstad skule.
- Søknadsfrist må overhaldast for å få plass.
- Elevplass ved Orstad læringsssenter er frå ein får plass og ut grunnskulen.

SFO

- Foreldre kan søka om SFO-plass ved Orstad læringsssenter frå 1. – 10. trinn når ein har elevplass her.
- Frå 1. – 4. trinn gjeld vanlege satsar vedteke av kommunestyret kvart år. Frå 5. – 10. trinn betaler ein kun for mat.

Før det blir søkt om plass ved Orstad læringsssenter, skal tiltak vera grundig drøfta med foreldre/føresette og PPT. PPT er skulen sin rådgjevande instans, og skal alltid vera involvert.

Spesialundervisninga skal vera dokumentert i eit enkeltvedtak og i ein individuell opplæringsplan.

Ved søknad til Orstad læringsssenter avgjer rektor søknadene og prioriterer elevar med størst behov.

Ved eventuell søknad om skuleplass ved læringsssenteret, må sakkunnig vurdering, enkeltvedtak og IOP sendast som vedlegg.

Søknadsskjema finst på heimesida til Orstad skule under læringsssenteret.

Tilsette ved Orstad læringsssenter kan bistå i fagsamlingar med andre lærarar/tilsette i Klepp kommune etter behov.

Tor Åge Risnes
Rektor
Orstad skule